

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skaare.

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Steinsnes, Skaare. Gard:

(adresse): Haraldsgata 151, Haugesund. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter samraading med far, bonde Johan Steinsnes,
fødd 17/3 1869.

SVAR

Bolk A. Farfar, fødd 1827, fortalte at daa han vokste opp, var det sume som hadde fela. Men saa vart dei omvende, og daa slo dei sund felene sine. Det vart rekna for synd aa spela.

Dette kan vera ein av grunnane til at det, so vidt eg kjenner til, ikkje finst gamle musikk-instrument her i bygdi og heller ikkje nokon tradisjon om det.

VII. Det einaste var salmodikon. Det var det sume som hadde. Den spela dei salmer paa. Morbror hans far, Hans Steensnes, Haugesund, f. 1834, hadde salmodikon og ei Lindemanns koralsbok for salmodikon, fortel far. Der var tal for kvar tone (note), som svara til tali paa salmodikon.

I Skaare var det og fleire som hadde salmodikon.

IX. Farfar fortalte at daa dei jaga skubben, før han var konfirmera, var det sume som bles i lange lurar for aa skrema skrubben. Desse lurane var laga av tre.

X. Bukkehorn har det slonge til vaare dagar.



a. Blaaseopningi var eit hol i smalenden paa hornet.

Der var ingi flis som laga tonen.

b. Dei brukte berre fingerholi til aa variera tonen, sovidt eg veit.

XII. Borni laga seg raunelaater og aakerlaater. Far segjer raunelåta (ei) og aakerlåta (ei); men eg og systkini mine segjer raunepipta (ei) og aakerpipta (ei) eller berre pipta.

Naar ein bles i aakerlaata, bles ein opp regn, sa dei.



Bolk c.

a. Skratl (ei) eller hestaskratl brukte dei til aa skrema hestane fraa bøsgarden.

Eg legg ved eit fotografi av to skratler som tilhører Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene.

Naar dei skratla (a-verbum), heldt ein i handtaket og svinga resten av skratli kring aasen eller handtaket, so den tynne fjøli slo mot riflene paa aasen og laga skratleljoden.

b. Vindkvernar plar ein setja opp for aa skrema fuglane fraa hagar og aakrar.

Borni lagar seg og vindkvernar til aa leika seg med.

c. Nuna (ei) kalla dei eit lubbesildhovud som tokneloki og augo vart burttekne paas so ei tynn, klaar hinna millom augo stod att. Denne hinna sang med, naa ein heldt nuna for munnen og nynna mot hinna, og det vart ein spelelaat paa same maaten som naa ein spela paa kamb.

Det var borni som laga seg nuna og gjer det den dag i dag, paa same maaten som dei lagar seg raunelaater og sakerlaater.

Ordet nuna held no paa aa koma burt.


d. Borni plar og blesa mot flate straa som ein held strame millom tommelfingrane med kanten mot munnen.

e. Laater eller pipter lagar borni og av store, hole sløkestylker. Dei skjer dei av soleis at der vert ein led i eine enden av pipta. So set ein eit risp med ein tynn kniv langsetter pipta men ikkje ut til endane.

Naar ein daa bles gjennom den opne enden av pipta, presser ein lufti ut gjennom det rispet ein skar, og ein faar ein kraftig ljod. Rispet maa vera for langt.

laata av sløkestylker sett ovanfraa.

Haugesund, 2. januar 1948.



OVERRETTSSAKFØRAR
SVEIN STEINSNES

M. N. S.

TELEFON:
KONTORET 3300
PRIVAT 2306

Røg,
Skaare -

Haugesund. 31. juli 1948.

HARALDSGATA 151

Norsk Folkemuseum,

B y g d ø y .

Eg har motteke brevet Dykkar dagsett 26. f. m. der
De spør om eg kan skaffa nokre aakerlaater og laater av sløke-
stylk.

Igaar var eg heime paa Steinsnes i Skaare og fann
emner til baae slag laater, og eg sender laatene i ein pakke
til Dykk idag.

No veit ikkje eg kor lenge dei held seg friske, og
om det er laat i dei naar dei kjem fram.

Skulle De vilja prøva aakerlaatene, og det viser
seg at dei er tette, saa faar De letta litt paa "tunga", saa
ho ikkje lukkar seg ~~s~~ heilt att naar ein bles i laata.

Elles var det gildt aa faa hjelpa Dykk med desse
primitive "instrument".

Dyrdssamt
Svein Steinsnes

(bt 1132)

1132